



Rosebeddet ved Gamleskulen er pynta til festivalhelg.

**Det er berre nokre dagar til onsdag og dermed starten på Festidalen. Uskedal utvikling oppmodar alle til å hjelpa til med rydding og pynting i sentrum, langs stranda og elva og på vegen fram til festivalområde. Store deler av sentrum er fint rydda. Det er alltid noko som kan bli betre.**

Naterstad frå kommunen har luka og rydda i blomebeddet ved busslomma. Uskedal utvikling har gjort det same i rosebeddet ved Gamleskulen. Plenen og badestranda på Stølavikjo er på stell.

Arealet rundt Grøntgrasbanen bør fjelgast. Treningsapparata og nokre benger er på plass. Mange har funne sin faste treningsplass her, men høgt gras og høymol skjemmer plassen slik den står fram no. Det er uvisst om graset vert slege til helga, dette fordi graset til hesjinga i år skal hentast på Døssland og ikkje i Geilo, slik det har vore gjort før.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Er det nokon frivillige som har tid til å slå graset på område ved treningsapparata på Grøntgrasbanen ?